

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 21.04.17

**FRÅ:** Administrerende direktør

**SAKSHANDSAMAR:** Kari Ugland

**SAKA GJELD:** Årsmelding 2016 Brukarutvalet i Helse Fonna HF

**STYRESAK:** 31/17

**STYREMØTE:** 28.04.17

Administrerende direktør si orientering pkt.6

1 vedlegg

---

Årleg melding

Brukarutvalet Helse Fonna 2016

---

## Samansetjing av utvalet

### Medlemmer

Leiar Jostein Havnerås	FFO Rogaland
Nestleiar Laila Stensletten	FFO Hordaland
Erland Bakken	FFO Hordaland
Laura Sofie Seltveit	Eldrerådet Rogaland
Wenche Marie Schiefloe	SAFO SørVest
Gerd Lise Dalen	Kreftforeninga
Ellen Stråtveit	FFO Rogaland
Kjell Inge Bringedal	SAFO SørVest
Janniche Kristengård	RIO

### Varamedlemmer

Berit Askevold Eriksen	FFO Rogaland
Kari Røksund	FFO Hordaland
Kåre Ystanes	Eldrerådet Hordaland
Janne-Elin Kvalheim Thronsen	Kreftforeninga
Åse Kallevik	SAFO SørVest

## Administrasjonen i Helse Fonna

Kari Ugland, samhandlingssjef

Sølvi Torvestad, samhandlingskoordinator

## Saker, oppgaver og aktivitet

Brukarutvalet har hatt fem møte og like mange møte i eit mindre arbeidsutval (AU) for å førebu møta. I tillegg deltok Brukarutvalet på Helse Fonna sitt styremøte i juni.

Brukarutvalet har gjennomført eit felles møte med Regionalt Brukarutval (RBU). Det har også vore arrangert eit felles møte og ein felles opplæringsdag med alle brukarutvala i Helse Vest.

Det er lagt plan for fire møte første halvår 2017 og tre møter for hausten. I tillegg vil Brukarutvalet delta i eit styremøte i Helse Fonna før sommaren.

## **Fokusområde for utvalet i 2016**

Tema som har hatt spesielt fokus i utvalet i 2016, er tilbud til foreldre som har barn/unge med helseutfordringar og tilbud om medikamentfri behandling i psykisk helsevern. Brukarutvalet har òg hatt fokus på kreftbehandling og transport av psykisk sjuke pasientar, tal på korridorpatientar og utskrivingsklare pasientar som kommunane ikkje kan ta imot til forventna tid.

## **Brukarutvalet og styret i Helse Fonna har hatt eit fellesmøte.**

Brukarutvalet hadde møte med styret i Helse Fonna 19. juni. Saker som vart drøfta var spørsmål om Helse Fonna sin strategi for utvikling av likepersonarbeid/erfaringskonsulent. Utvalet hadde òg spørsmål til prosjektet «Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal sjukehusplan (2016 – 2019) og etterspurte planar for etablering av ungdomsråd. Andre tema som vart drøfta var betre parkeringsforhold, rusproblematikk, pasientreiser og informasjon om ny kontaktleigeordning som starta i september 2016

## **Samhandlingsutvalet**

Brukarutvalet er representert i Samhandlingsutvalet som har fokus på at brukarane skal oppleve ei samanhengande helseteneste på tvers av forvaltningsnivå. Utvalet har denne perioden prioritert å utarbeida ein tiltaksplan for oppfølging av tenesteavtalane.

## **Interne retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Fonna**

Helse Fonna har siste året utarbeidd interne retningslinjer for brukarmedverknad i prosjekt og utval. Dei byggjer på regionale retningslinjer i Helse Vest. Retningslinjene gir forslag til opplæring, honorering, oppfølging og ivaretaking av brukarmedverknad samt organisering og administrering. Brukarutvalet samarbeider med FOUSAM, eining for forskning og utvikling innan samhandling ([www.fousam.no](http://www.fousam.no)), om rekruttering, registrering, brukarbank og oppfølging av brukarrepresentantar.

## **Brukarmedverknad i helseforskning**

Styret i Helse Vest vedtok i styremøte i april 2016 retningslinjer for brukarmedverknad i helseforskning, basert på krav frå Helse- og omsorgsdepartementet. Retningslinjene er òg vedtekne i Helse Fonna sitt styre i løpet av 2016.

Retningslinjene og tiltaka vil i sum leggje grunnlag for auka og reell brukarmedverknad i forskning, og skapa ein kultur der brukarmedverknad er ein naturleg del av forskingsverksemda der det er relevant.

## Fellesmøte med Regionalt brukeutval i Bergen 17. – 18. August

Tema som ble tatt vart tekne opp var muligheiter og utfordringar innan IKT når det gjeld personvern og pasienttryggleik, «min pasientjournal» på nett, «Berre spør-programmet», ungdomsråd i Helse Bergen, erfaringskompetanse, Helse 2030 - strategi i Helse Vest og informasjon om årsmelding frå Pasient og Brukerombudet i Sogn og fjordane, Hordaland og Rogaland

## Temasaker i 2016

På møta i Brukarutvalet har det vore informert om ei rekke tema dette året:

- Kvalitetssikring av medikamentopplysningar
- Status for prosjektet «Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal sjukehusplan (2016 – 2019)
- Tiltak for å auke pasienttilfredsheit i føretaket.
- Informasjon v/Berge Andreassen, overlege Øre- nese- hals- seksjonen
- Handlingsplan for medikamentfri behandling i Helse Fonna v/ruskoordinator, Bernt Netland og seksjonsleiar HDPS, Arne Andreas Døske
- Årleg melding for Brukerutvalet i Helse Fonna 2015
- Korleis kan representantane best ivareta vervet som BU- medlem og medlem av Brukerråd på DPS
- Plan for ressursbank/brukarbank v/sekretær i BU og sekretær i Brukerrådet Folgefonn DPS
- Bygg prosjekt 2020 - Evaluering av brukarmedverknad i prosjektet
- Nye brukarrepresentantar til delprosjekt v/prosjektleder Laila Nemeth
- Orientering om SAMSA modellen v/Turid Mattson

- Informasjon ved KE i Helse Fonna HF Merete Røthing  
Koordinerende eining (KE) i føretak og kommune
- Prosjekt «Alle møter». Informasjon ved prosjektleiar Turid Grevstad Norheim
- Felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå
- Prinsipp og retningslinjer for reell ungdomsmedverknad
- Felles retningslinjer for brukarmedveknad i helseforskning
- Bygg 2020. Informasjon ved prosjektleiar Laila Nemeth  
Oppfølging av sak 3/2016
- Handlingsplan for Medikamentfri behandling i Helse Fonna
- Informasjon ved fagdirektør:
  - Kreftbehandling i foretaket etter innføring av pakkeforløpet
  - Odda og Stord sjukehus i lys av føringene i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019)
- Informasjon fra årlig fellesmøte for leiarar i alle Brukerutval i Helse Vest 5.februar  
v/nestleiar av BU
- Evaluering av tenesteavtalar 2016 v/sekretær i Brukarutvalet
- Pasientreiser – utfordringar v/leiar av Brukarutvalet
- Elektronisk tilkobling (Lync) for eksterne brukarar, praktisk informasjon

## **Brukarutvalet har gjeve uttalar i følgjande høyringar**

Handlingsplan for medikamentfrie behandlingalternativ

Sluttrapport Stord Sjukehus

Brukarmedverknad i forskning

Brukarmedverknad på systemnivå - retningslinjer

**BU deltaking i arbeidsgrupper og utval**

Arbeidsgrupper/utval/samlingar	Namn
Arbeidsutval for koordinerende eining for habilitering og rehabilitering	Kjell Inge Bringedal
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Hardanger sjukehusområde	Wenche Evensen Bodil Mikkelsen (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Haugalandet sjukehusområde	Ellen Stråtveit Anne Gurine Sætre (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Sunhordaland sjukehusområde	Laila Stensletten Kari Røksund (vara)
Kvalitetsutvalet	Laila Stensletten
Toppleiarforum	Laila Stensletten Jostein Havnerås Wenche Marie Schiefloe (vara)
Samhandlingsutvalet	Laura Sofie Seltveit Nils Magne Kloster Laila Stensletten (vara)
Tvisteløysingsorgan SU	Anne Gurine Sætre Else Berit Ingvaldsen
Ressurspersoner for erfaringskonsulenten i FOUSAM	Laila Stensletten Gerd Lise Dalen
Fagnettverk for barn og unge. Samarbeid mellom kommunar og Helse Fonna	Wenche Marie Schiefloe Laila Stensletten
Styringsgruppen. Samhandlingsprosjekt Barn og unges helsetjeneste	Laura Sofie Seltveit
Planlegge samling/fagdag for brukarmedverknad på rusfeltet	Janniche Kristengård
Beredskapsplan. Styringsgruppe	Jostein Havnerås
<b>Såkorprosjekt:</b>	
Faktorer ved god kommunikasjon i førebuing til utskriving frå sjukehuset	Laila Stensletten
Reinnleggelser. Langvarig koordinerte pasientforløp	Nils Magne Kloster

Byggprosjekt 2020:	
Styringsgruppe	Jostein Havnerås
Sengepost/poliklinikk/dag-behandling	
Psykisk helsevern	Ellen Stråtveit
Geriatrici/alderspsykiatri	Gerd Lise Dalen
Operasjon/dagkirurgi/intensiv	
Pasientforløp og logistikk	Else Berit Ingvaldsen
Kontor/møterom/undervisning	Wenche Marie Schiefloe
Bygg, eiendom og tekniske installasjoner. Parkering	Kjell Inge Bringedal
Utstyr	Kjell Inge Bringedal
Akuttmottak/obspost/AMK	Laura Sofie Seltveit
Føde/barsel/barn/barneintensiv	Janne-Elin Kvalheim
Radiologi/laboratorie/patologi	Janne-Elin Kvalheim

## Brukarutvalet sine satsingsområde for 2016

Tilbod til foreldre som har barn/unge med helseutfordringar

Psykisk helse, medikamentfri behandling

Transport av psykisk sjuke pasientar

Kreftbehandling

## Forslag til satsingsområder for 2017

*Det er oppnemnd nytt brukarutval for 2017 og 2018*

*Det nye utvalet vil i løpet av første halvår 2017 gjere vedtak om satsingsområde for perioden*